

# Rotary kulturprisvinnar

1990

## Leif Flem



**Leif Flem er fødd 1931 i Hildregarden på Flemsøy/Skuløy. Han vart gift med Ingebjørg f. Longva og vart buande i Hildregarden på Flem. Leif synte tidleg dei gode evner han hadde for musikk. Han tok si lærarutdanning og var lærar og seinare rektor på skulen. Han var ein god læremeister og godt likt i skulen, men det skulle bli i musikklivet han fekk den største utmerkinga.**

**I innstillinga til kulturprisen 1990 står det:**

**Grunngjeving: Innsatsen for musikklivet i Haram kommune, spesielt på øyane. Flem skulekorps: Dirigent i 28 år. Var med og starta korpset. Mange av dei som var med frå starten er no aktive musikk-utøvarar rundt om i distriktet. Rektor ved musikkskulen i Haram er ein av dei.**

**Ved oppstarting av Haram musikk-skule, var han ei pådrivande kraft. Nordøy Ungdomskorps - dirigent i ei årrekke.**

**Nordøyane Storband som han er aktiv musikk-utøvar i.**

**Eit utal piano-elevar, har gjennom mange år, fått si fyrste opplæring under hans leiing.**

**Fem dagar i veka er han på ettermiddag og kveldstid oppteken med musikk, heile året igjennom.**

**Han fortener påskjønninga medan han enno er aktiv.**

**Kulturprisen vart utdelt 1. april 1990.**

**Tidlegare har det vore slik at utdelinga av kulturprisen har vore i Brattvåg og då med unntak av 1988 i samband med ein kulturkveld på Våghall.**

I år fann ein å ville gjere eit unntak frå denne regelen, då det høvde seg slik at Flem skulekorps arrangerte sin store vårkonsert på det aktuelle tidspunkt. Prisvinnaren var oppteken som dirigent. Det vart derfor ordna med plass for den høgtidelege pris utdeling under denne tilstellinga. I tillegg til Flem Skulekorps deltok også Haramsøy Skulekorps og Nordøy ungdomskorps i underhaldninga. Dei frammøtte representantane frå Brattvåg Rotaryklubb vart godt mottekne og plassert ved reserverte bord, der det også var serving av kaffi og nogo-attåt. Det vart såleis ei hyggeleg oppleving saman med lokalfolket som fylte Nordøy Grendahus til siste plass.

Etter Flem skulekorps hadde opna konserten, fekk president Torleiv Marken ordet til den høgtidlege utdelinga. Han opna med å takke for at klubben fekk lov å kome til denne tilstellinga og gi prisen til Leif Flem, på hans tilstelling og i prisvinnaren sitt eige lokalmiljø. Det var ståande applaus då sjekken på kr. 5000,- med diplom vart overlevert. Leif Flem takka og sa seg glad for at han hadde fått prisen. Han såg det det som ei stor ære og ei verdsetjing av det frivillige kulturarbeidet som blir drive i bygdene våre. Musikken har svært mykje å seia, sa han, den følgjer frå vogge til grav og gjer livet lettare å leva. For dei fleste har musikken ikkje så mykje å seia for levestandarden, men mykje å seia for livsstandarden. Kultur har og gir styrke.

På Haramsøy og Flem/Skuløy er der no nærmast 85 aktive barn og unge med i dei tre ulike korpsa. I tillegg kjem Nordøyane Storband, som rekruterer dei som vert vaksne. Det er vel ikkje nokon som tvilar på at arbeidet Leif Flem har drive dei siste 30 åra, har sett spor etter seg.

**Kulturprisen vart utdelt 1. april 1990.**

Tidlegare har det vore slik at utdelinga av kulturprisen har vore i Brattvåg og då med unntak av 1988 i samband med ein kulturkveld på Våghall.

I år fann ein å ville gjere eit unntak frå denne regelen, då det høvde seg slik at Flem skulekorps arrangerte sin store vårkonsert på det aktuelle tidspunkt. Prisvinnaren var oppteken som dirigent. Det vart derfor ordna med plass for den høgtidelege pris utdeling under denne tilstellinga. I tillegg til Flem Skulekorps deltok også Haramsøy Skulekorps og Nordøy ungdomskorps i underhaldninga. Dei frammøtte representantane frå Brattvåg Rotaryklubb vart godt mottekne og plassert ved reserverte bord, der det også var serving av kaffi og nogo-attåt. Det vart såleis ei hyggeleg oppleving saman med lokalfolket som fylte Nordøy Grendahus til siste plass.

Etter Flem skulekorps hadde opna konserten, fekk president Torleiv Marken ordet til den høgtidlege utdelinga. Han opna med å takke for at klubben fekk lov å kome til denne tilstellinga og gi prisen til Leif Flem, på hans tilstelling og i prisvinnaren sitt eige lokalmiljø. Det var ståande applaus då sjekken på kr. 5000,- med diplom vart overlevert. Leif Flem takka og sa seg glad for at han hadde fått prisen. Han såg det det som ei stor ære og ei verdsetjing av det frivillige kulturarbeidet som blir drive i bygdene våre. Musikken har svært mykje å seia, sa han, den følgjer frå vogge til grav og gjer livet lettare å leva. For dei fleste har musikken ikkje så mykje å seia for levestandarden, men mykje å seia for livsstandarden. Kultur har og gir styrke.

På Haramsøy og Flem/Skuløy er der no nærmast 85 aktive barn og unge med i dei tre ulike korpsa. I tillegg kjem Nordøyane Storband, som rekruterer dei som vert vaksne. Det er vel ikkje nokon som tvilar på at arbeidet Leif Flem har drive dei siste 30 åra, har sett spor etter seg.